

Styret si årsmelding 2015

Helse Fonna HF

Samandrag

Helse Fonna er eit helseføretak med fire sjukehus og fire distriktpsikiatriske sentra som dekker 19 kommunar med om lag 180 000 innbuarar. Føretaket har fire hovudoppgåver etter lov om helseføretak: pasientbehandling, forskning, utdanning av helsepersonell og opplæring av pasientar og pårørande.

I 2015 var det over 31 000 innleggingar ved sjukehusa i føretaket og det blei gjennomført over 186 000 besøk ved poliklinikkane. Om lag 2 000 born blei født ved fødeiningane. Ventetida har gått ned i 2015, og var ved utgangen av året i gjennomsnitt 56 dagar for alle behandla pasientar. 4 av 100 pasientar opplevde fristbrot i 2015.

I 2015 er det mellom anna arbeid med å innføre betre forløp («pakkeforløp») for kreftpasientar. I Helse Fonna blir dei fleste kreftpasientane inkludert i pakkeforløp og dei fleste pakkeforløpa blir gjennomført innanfor standard forløpstid. Innan psykisk helsevern er satsinga på dei distriktpsikiatriske sentra og barne- og ungdomspsykiatrien vidareført.

Helse Fonna har deltatt i alle innsatsområda innan det nasjonale og regionale pasienttryggleiksprogrammet. Helse Fonna har i 2015 tatt i bruk verktya i «Alle møter» prosjektet for å planlegge poliklinikkane betre og gje pasientane større medverknad, mellom anna gjennom nettløysinga vestlandspasienten.no.

Føretaket samhandlar med kommunane i opptaksområdet og deltek saman med Høgskulen Stord Haugesund i ei felles FoU-eining (FOUSAM).

Helse Fonna arbeider kontinuerleg med å betre arbeidsmiljøet og å redusere sjukefråværet. Sjukefråværet var 6,7 prosent i 2015.

Føretaket har i 2015 vidareført arbeidet med å bli miljøsertifisert.

Helse Fonna hadde eit overskot i 2015 på 40,2 millionar kroner.

Strategi

Helse Fonna har på bakgrunn av målformuleringane i Helse 2020 vedteke ein overordna strategi for perioden 2014–2018. Visjonen, verdiane og dei overordna måla er felles for alle føretaka i Helse Vest RHF.

Visjonen er:

- Vi skal fremme helse og livskvalitet

Verdiane er:

- Respekt i møte med pasient
- Kvalitet i prosess og resultat
- Tryggleik for tilgjengelegheit og omsorg

Måla og delmåla i Helse Fonna sin strategi er:

Trygge og nære helsetenester

- Gje diagnostikk, behandling og omsorg med høg kvalitet og god sikkerheit
- Sikre trygg og riktig legemiddelbruk gjennom tverrfagleg samarbeid
- Samarbeide med kommunane om diagnostikk, behandling og kompetanseutvikling i tråd med samhandlingsreforma og om beredskap
- Auke ambulant verksemd
- Ha god meldekultur og openheit om feil

- Vidareutvikle ei trygg prehospital teneste med spesialistkompetanse i samarbeid med førstelinjetenesta
- Involvere brukarar og pårørande
- Vere høfleg og profesjonell i møte med pasientar og pårørande
- Organisere for gode pasientforløp
- Styrke omdømmet

Heilskapleg behandling og effektiv ressursbruk

- Prioritere rett, i tråd med nasjonale føringar og faglege normer
- Samarbeide på tvers av sjukehus og med samarbeidspartnarar regionalt og nasjonalt
- Utnytte kapasiteten på tvers av sjukehus og einingar
- Auke poliklinikk og dagbehandling innan somatikk og psykisk helsevern
- Vurdere behovet for sjukehussenger i takt med utviklinga, nasjonale normer og samhandlingsreforma
- Sikre god diagnostikk, behandling og oppfølging av kreftpasientar
- Utvikle gode behandlinglinjer for hjerneslagpasientar
- Leggje til rette for gode forløp for intensivpasientar
- Utvikle og sikre det førebyggjande arbeidet innan psykisk helsevern
- Handtere auken i talet på eldre med samansette lidingar
- Sikre investeringsevne for bygg og utstyr
- Sikre at det er medisinsk teknisk utstyr og gode IKT-løysingar i heile Helse Fonna
- Arbeide for miljøvennlege sjukehus

Framtidsretta kompetanseorganisasjon

- Rekruttere gode dei rette medarbeidarar og leiarar
- Utvikle og behalde medarbeidarar og leiarar
- Utdanne studentar og lærlingar
- Arbeide for berekraftige og robuste fagmiljø
- Utvikle éi sterk felles forskningseining i Helse Fonna
- Involvere medarbeidarar, tillitsvalde og vernetenesta i prosess og avgjerd
- Arbeide for ein helsefremmande arbeidsplass og lågt sjukefråvær
- Ha kultur for betring og endring basert på kunnskap og god praksis

Planverk

Styret i Helse Fonna har vedteke eigne planverk for den somatiske delen av verksemda og for psykisk helsevern.

Plan for somatiske spesialisthelsetenester i Helse Fonna HF

Plan for somatiske spesialisthelsetenester i Helse Fonna 2010–2020 blei vedteken av styret i Helse Fonna i september 2010. Målet med planen er å sikre trygge og nære helsetenester for alle som bur i regionen. Endringane på sjukehusa i Helse Fonna skal gå føre seg innanfor dei økonomiske rammene som til kvar tid er tilgjengelege. Føretaket har god framdrift på sentrale element i planen og har ferdigstilt mange av tiltaka. Styret i Helse Fonna HF blir jamleg orientert om status i gjennomføringa av planen.

Det er oppretta ein eigen klinikk for somatikk ved Stord sjukehus.

Plan for psykisk helsevern i Helse Fonna HF

Plan for Psykisk helsevern 2012–2020 er førande for utviklinga av behandlingstilbodet innan psykisk helsevern. Planen legg opp til styrking av tilbodet til born og unge (BUP-feltet), vidareutvikling av dei distriktpsikiatriske sentra (DPS) med fokus på polikliniske og

ambulante tenester, integrering av tverrfagleg spesialisert rusbehandling på DPS samt spissing av sjukehusfunksjoner.

Som ledd i vidareutviklinga av DPS-a med fokus på polikliniske og ambulante tenester gjennomførte Klinikken for psykisk helsevern i 2015 ei evaluering av behandlingstilbodet ved Folgefonn DPS (FDPS). Evalueringa viste at det var ein overkapasitet med omsyn til døgnplassar ved FDPS samt eit behov for å utvikle dei polikliniske og ambulante tenestene i Odda vidare. Som eit resultat av evalueringa vedtok styret i Helse Fonna HF å leggje ned 5-døgnspost ved FDPS i Odda, og utvikle dei polikliniske og ambulante tenestene i Odda. Etter denne omstillinga vil det vere ambulante tenester ved alle DPS sine lokalitetar i Helse Fonna.

Integrering av tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) ved DPS-a har vore eit anna satsingsområde i 2015. Klinikken sin handlingsplan for rusfeltet er ferdigstilt. Eit av tiltaka var etablering av polikliniske og ambulante tenester innan TSB ved alle DPS-a. Hausten 2015 vart det gjennomført ein omstillingsprosess ved seksjon spesialisert behandling Haugesund sjukehus med målsetning å etablere eigen TSB poliklinikk ved Haugaland DPS. Etter denne omstillinga er det polikliniske og ambulante tenester innan TSB ved alle DPS-a.

Det er eit styringskrav at alle DPS skal kunne gje akutt-tenester gjennom døgnet. Slik ordning er etablert ved Haugaland og Karmøy DPS gjennom akutt ambulant team. Ved Stord DPS og BUP Stord har ein etablert eit akutt team som samhandlar tett med interkommunal legevakt på Stord og tilbyr akuttvurderingar og oppfølging av menneske i krise. FDPS har eit tilsvarande tilbod i sin ordinære poliklinikk.

Utover dette har det i 2015 vore eit særskild fokus på samhandling med kommunane og på brukarmedverknad. Det er etablert fleire samhandlingsprosjekt med kommunane ved dei ulike DPS-a. Klinikken har arrangert fagdagar/seminar kor brukarmedverknad har vore eit sentralt element.

Innan BUP-feltet har ein i 2015 hatt fokus på drift og utvikling av dei polikliniske tenestene. Gjennom prosjektet «Alle Møter» har ein oppnådd ein meir effektiv poliklinisk drift. Dette saman med rekruttering av personell til ledige stillingar har gjort at den polikliniske og ambulante kapasiteten har vore tilstrekkeleg og resultert i vesentleg kortare ventetider og berre unntaksvise fristbrot. Parallelt med dette har ein starta opp prosjektet «Barn og Unges helseteneste» som har som målsetning å utvikle gode, systematiske pasientforløp på tvers av dei ulike forvaltningsnivå.

På sjukehusnivå har fokuset i 2015 hovudsakleg vore å vidareutvikle sjukehusfunksjonane og sjå på korleis sjukehusa best kan understøtte DPS-a. Som eit resultat av dette har ein overført vaksystem i Haugesund samt behandlarressursar innan TSB til Haugaland DPS. Ved seksjon spesialisert behandling Valen sjukehus har ein arbeidd med å vidareutvikle tilbodet i sikkerheitskjeda med vekt på ambulant sikkerheitsteam.

Vidare har ein hatt fokus på å gjennomføre klinikkens handlingsplan for redusert bruk av tvang. Over dei siste tre åra har det vore ein betydeleg nedgang i prosentdel tvangsinnleggingar.

Det er og sett i gong eit prosjekt knytt til transport av psykisk sjuke med målsetning om å sikre ein meir verdig pasient-transport med redusert bruk av politi. Dette er eit samarbeidsprosjekt med ambulansetenesta, politi og legevakt.

Resultat og måloppnåing 2015

Føretaket har eit driftsresultat på 37,5 millionar kroner av ei totalomsetning på 3 378,6 millionar kroner for 2015. Resultat etter finans viser eit overskot på 40,2 millionar kroner og eit underskot i forhold til resultatkrav frå eigar på 5,8 millionar kroner.

Helse Fonna har arbeidd systematisk for å nå målsetjinga som er gitt i styringsdokumentet for 2015. Den positive resultatutviklinga ein har hatt dei tre førre åra har fortsatt i 2015. I 2015 blei det føretatt 4,0 millionar kroner meir i nedskrivingar og avskrivingar enn budsjettert. Denne kostnadsauken reduserer ikkje investeringsevna til føretaket. Framskynding av konseptfase nybygg Haugesund sjukehus gav i 2015 6,0 millionar kroner høgare kostnadar enn budsjettert. Desse kostnadane er budsjettert i 2016, og ein vil dermed få ein tilsvarende kostnadsreduksjon i forhold til budsjett i 2016. Justert for desse to faktorane viser drifta i Helse Fonna eit betre økonomisk resultat i forhold til målsetjinga.

Ved utgangen av 2015 står det igjen å nå kvalitetsmåla innan epikrisetid, fristbrot og ventetid. Epikrisetid har gjennom 2015 vore på nivå med 2014. Ventetida har i 2015 gått ned i forhold til 2014. I 2014 hadde ein fire månader der målet om 65 dagars ventetid var oppnått, mens i 2015 klarte ein målet i ni av månadane. Talet på fristbrot har vore lågare enn i 2014, og spesielt dei siste månadane har vist ei positiv utvikling.

Styret har hatt stor merksemd på endring, styring og kontroll i 2015. Styret har saman med medarbeidarane i føretaket lagt ned ein monaleg innsats for å møte eigar sine krav til resultat og måloppnåing for 2015.

Selskapsstruktur og eigarforhold

Sjukehusa i Noreg er organiserte i fire regionale helseføretak under Helse- og omsorgsdepartementet. Helse Fonna HF er eitt av seks helseføretak i føretaksgruppa i Helse Vest RHF, som òg eig Helse Vest IKT AS.

Helse Fonna HF (organisasjonsnummer 983974694) er eigd av Helse Vest RHF.

Verksemda si art og tilhaldsstad

Helse Fonna HF er ein del av spesialisthelsetenesta i Helse Vest RHF og skal dekkje befolkninga sitt behov for spesialisthelsetenester. Helseføretaket har sjukehus i Haugesund, på Stord, Valen og i Odda. I tillegg har føretaket fire distriktpspsykiatriske senter, Folgefonn DPS, Haugaland DPS, Karmøy DPS og Stord DPS.

Helse Fonna HF yter spesialisthelsetenester til ei befolkning på 179 521 innbuarar fordelt på 19 kommunar i Rogaland og Hordaland (tal frå Statistisk sentralbyrå 01.01.15). Styret i Helse Vest RHF har vedteke at innbuarane i Eidfjord kommune kan bruke Voss sjukehus.

Hovudadministrasjonen i føretaket er lokalisert til Haugesund.

Tenestene som helseføretaket utfører, er nedfelte i helseføretakslova, spesialisthelsetenestelova, lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern, lov om pasientrettar og i andre lover og forskrifter som rettar seg mot føretaket si verksemd.

Hovudoppgåver

Lov om spesialisthelsetenester definerer fire hovudoppgåver for helseføretaka.

- Pasientbehandling
- Forsking
- Utdanning av helsepersonell
- Opplæring av pasientar og pårørande

Pasientbehandling

Helseføretaket skal yte gode og likeverdige spesialisthelseteneseter til alle som treng det uavhengig av alder, kjønn, bosted, økonomi og etnisk bakgrunn.

I 2015 var gjennomsnittleg ventetid for pasientar som hadde starta behandling 62 dagar. Det har vore nedgang i gjennomsnittleg ventetid i 2015, og i desember var gjennomsnittleg ventetid 56 dagar (Kjelde: Styringsportalen, Helse Vest). Dette er innanfor målkravet på 65 dagar, og ei betring samanlikna med 2014, der gjennomsnittleg ventetid for pasientar som hadde starta behandling var 69 dagar. Gjennomsnittleg ventetid for alle ventande pasientar var 63 dagar, som er ei betring på 6 dagar samanlikna med 2014.

Det skal ikkje vera brot på seinaste forsvarlege start av helsehjelp. Der helsehjelpa har starta i perioden, har det i Helse Fonna vore fire prosent fristbrot i 2015. Det er ein nedgang frå fem prosent i 2014 (Kjelde: Styringsportalen, Helse Vest).

Frå 1. januar 2015 blei pakkeforløp for kreft innført. Målet er at pasientar skal oppleve godt organiserte og føreseielege forløp utan unødvendig forseinking. Målet er at 70% av pasientar med nyoppdaga kreft skal vere inkludert i eit pakkeforløp og at 70% av forløpa er gjennomført innan definert tid for det enkelte pakkeforløp.

Helse Fonna har etablert forløpskoordinator og medisinsk ansvarleg for 26 av 28 pakkeforløp. For heile 2015 var 85% av pasientar med nye krefttilfelle i Helse Fonna registrert i eit definert pakkeforløp (kjelde Helsedirektoratet sin webrapport, Sentrale indikatorer for organspesifikke pakkeforløp). 82% av pasientane blei behandla innanfor standard forløpstid. For kirurgisk behandling var det 86 %, medikamentell behandling 80% og strålebehandling 48% av pasientane som blei behandla innafør standard forløpstid. Mange tiltak er sett i verk for å nå målet. Ein har arbeidd for å sikre god pasientflyt, setje av nok utgreiingskapasitet og behandlingsskapasitet. Informasjon til fastlegar om å merke tilvisingar der det er grunngeven mistanke om kreft og gjere kjent i organisasjonen kva kriterier som gjer at pasienten skal inkluderast er viktige tiltak. Ein har regelmessig gått gjennom tilbakemeldingane frå NPR.

Helse Fonna sine resultat for 30 dagars overleving etter sjukehusopphald er lik eller marginalt betre enn resultatet på landsbasis for 2014. 30 dagars overleving totalt/uansett årsak for innlegging er 95,3% mot 95,2% nasjonalt. For pasientar med lårhalsbrot, hjarteinfarkt og hjerneslag er 30 dagars overleving høvesvis 92,0%, 89,7% og 87,6% mot nasjonalt 91,6%, 89,8% og 87,3% i 2014.

91,2 % av pasientane med lårhalsbrot var i andre tertial 2015 operert innan 48 timar og 66,2% innan 24 timar, tilsvarande tal for heile landet var 92,2% og 65,2%. I andre tertial fekk 21,2 % av pasientane med hjerneslag trombolysbehandling (nasjonalt: 14,6 %)

(kjelde: kvalitetsindikatorar for behandling av sjukdom og overleving www.helsenorge.no).

Ved måling i mai 2015 var det 5,6 prosent av pasientane i Helse Fonna som hadde ein sjukehusinfeksjon, tilsvarande tal for heile landet var 5,5 prosent (www.helsenorge.no). I den

siste nasjonale prevalensmålinga i november 2015, der tala er kvalitetssikra av føretaket, var prevalensen ved Helse Fonna sjukehusa sett under eitt på 2,6 %. (Kjelde: kvalitetsindikatorar om infeksjon www.helsenorge.no)

Om lag fire av fem epikriser blei sendt innan fristen på 7 dagar i Helse Fonna i 2015.

Tal for sjukehusinnleggingar

Eining	2014	2015
Vaksenpsykiatri	1 762	1 842
RUS	151	149
BUP	100	116
Somatikk*	28 378	29 315
Totalt	30 391	31 422

*Medisinsk klinikk, Kirurgisk klinikk og Klinikk somatikk Stord
Kjelde: Styringsportalen i Helse Vest

Totalt er det ein auke i talet på sjukehusinnleggingar (+1031 = 3,4%) når vi samanliknar 2015 med 2014.

Tal for polikliniske konsultasjonar

Eining	2014	2015
VOP	32300	32391
BUP	18947	20320
RUS	8110	8422
Somatikk	119105	125107
Totalt	178462	186240

Kjelde: Styringsportalen i Helse Vest

Det er ei auke på 7778 (4,4%) i polikliniske konsultasjonar frå 2014 til 2015. Dette følgjer trenden frå 2014 då talet på polikliniske konsultasjonar auka med 6552 (3,8 %) frå året før. Det er 1776 (3,0%) fleire polikliniske konsultasjonar i Klinikk for psykisk helsevern. Størsteparten av denne auka skjer innan BUP. Innan somatikken er det 6002 (5,0%) fleire konsultasjonar i 2015 samanlikna med 2014. Dette er i kontrast til trenden i 2013-2014, då Klinikk for psykisk helsevern stod for størstedelen av auken (5,7%) og auken på konsultasjonar innan somatikk var meir moderat (2,9 %).

Tal for dagopphald

Type helseteneste	2014	2015
Dagopphald somatikk	11506	12030

Kjelde: Styringsportalen i Helse Vest

Det er 524 (4,6%) fleire dagopphald i somatikk i 2015 samanlikna med 2014. Dette er i kontrast til 2014, då ein hadde ein nedgang på 3,7 % samanlikna med året før.

Tal for radiologiske- og laboratorieundersøkingar

Type helseteneste	2014	2015
Radiologiske undersøkingar	91020	93609
Laboratorieanalysar	4083376	4299338
Blodtappingar	4991	5175

Talet på radiologiske undersøkingar auka med 2,8 prosent frå 2014 til 2015. Det er særleg kreftutgreiing og oppfølging av kreft som aukar. For å sikre kapasitet er det i 2015 tilsett fleire radiologar og det er gjort endringar i drift og utstyr.

For laboratoriemedisin er talet på analyser økt med 5,3 prosent frå 2014 til 2015. Aktivitetsveksten er fordelt på alle fagområda og gjeld både polikliniske og innlagte pasientar. Føretaket er i all hovudsak sjølvforsynt med blodprodukt.

Tal på fødsjar

Sjukehus	2014	2015	Merknad
Haugesund	1441	1467	19 tvillingfødsjar, 152 keisarsnitt
Stord	431	502	
Odda	10	6	
Totalt	1882	1975	

Forsking

Forsking er ei lovpålagt oppgåve definert i Lov om spesialisthelseteneste. Helse Fonna har prioritert oppbygging av forskingskompetanse innan både somatikk og psykisk helsevern, samt tverrfagleg gjennom helsetenesteforsking. Forsking er viktig for rekruttering og for å gjere helsetenesta i stand til å foreta kritiske vurderingar og rett prioritering av etablerte og nye metodar, behandlingstilbod og teknologi.

I tråd med Helse Fonna sin strategi blei det i 2015 etablert éi felles forskningseining i Helse Fonna. Forsking og innovasjon blei samla i ein seksjon og ny leiar for forskning og innovasjon blei tilsett. I 2015 har ein hatt fokus på å etablere eit godt system for internkontroll og oppfølging av dei enkelte prosjekta, samt vedta strategi for forskning og innovasjon i Helse Fonna. I tråd med rapporten «Brukermedverknad i helseforskning i Norge - forslag til retningslinjer og tiltak» blei omfanget av brukarmedverknad i forskingsprosjekt i Helse Fonna kartlagt i 2015. Styret i Helse Fonna HF vedtok i 2015 retningslinjer og tiltak for å involvere brukarar i større grad i både prioritering, gjennomføring, formidling og implementering av forskning i føretaket.

Forskingsmidlar


Det blei frå Helse Fonna sendt inn ni søknadar om forskingsmidlar til Samarbeidsorganet i Helse Vest september 2015 (to for doktorgradsmidlar, to for postdoktorstipend, to for fleirårige forskingsprosjekt, eit utanlandsstipend, eit korttidstipend for fullføring av doktorgrad og eit korttidsprosjekt- eit år). Fire av ni prosjekt fekk støtte. Luiza Chwiszczuk fekk doktorgradsmidlar, Arvid Rongve fekk midlar til nytt fleirårig forskingsprosjekt, Sigbjørn Berentsen fekk midlar til korttidsprosjekt og Øystein Gøthesen til utanlandsopphald. Helse Fonna har ikkje hatt kandidatar som har disputert for doktorgraden i 2015.

Vitskaplege stillingar i HF

Sju kandidatar er i eit doktorgradsprogram med prosjekt forankra i Helse Fonna. Medisinsk klinikk har i dag ein professor II/legestilling og ein førsteamanuensis/legestilling, Klinikk for psykisk helsevern ein førsteamanuensis/legestilling og ein førsteamanuensis/psykologstilling og Kirurgisk klinikk har ein førsteamanuensis/legestilling.

Vitskaplege publikasjonar

I 2015 blei Helse Fonna kreditert 49 vitskaplege publikasjonar (sjå figur). Av dei var 42 i nivå 1-tidsskrift, 7 i nivå 2-tidsskrift, og det resulterte i totalt 30,04 publikasjonspoeng.



Tala speglar både aktivitet og engasjement som føretaket i dag har innan forskning. Helse Fonna opplev at forskning er attraktivt når det gjeld rekruttering av fagfolk.

Innovasjon

I 2015 lanserte Helse Fonna ei webløysing for innmelding og oppfølging av innovasjonsprosjekt/innovative idear. Det blei søkt om regionale innovasjonsmidlar til eit prosjekt. Det er i 2015 vedtatt overordna målsetjingar for innovasjonsarbeidet i føretaket:

- Skape innovasjonskultur i heile føretaket
- Identifisere og fylgje opp innovasjonsprosjekt som styrkar helsetenesta og gjev positive konsekvensar for pasientbehandligna
- Sikre brukarmedverknad i innovasjonsprosjekt

Utdanning av helsepersonell

Utdanning er eit av dei viktigaste tiltaka for å sikre rett kompetanse for føretaket i framtida, og utdanningsfunksjonen vert utøvd på eit breitt felt. Utdanning av helsepersonell omfattar fagopplæring, grunnutdanning, vidare- og etterutdanning, turnusteneste og spesialistutdanning. Universitet, høgskular og fylkeskommunen er særskilte viktige samarbeidspartnarar innafor utdanning. Studentar i praksis har eigen rettleiar i einingar der praksis blir avvikla. Nokre einingar har og tilsette med delar av stillinga øyremerka for studentrettleiing og oppfølging.

I 2015 har føretaket hatt om lag 1100 studentar i praksis frå universitet, høgskular og vidaregåande skular:

Utdanningsnivå	Tal på personar i opplæring i 2014	Tal på personar i opplæring i 2015
Vidaregåande opplæring	58	49
Opp til Bachelornivå	534	542
Opp til Masternivå	185	270
Tilsette i spesialistutdanning	153	243
Sum	930	1104

Føretaket har eit nært og godt samarbeid med høgskular og universitet. Det blir systematisk gjennomført samarbeidsmøter på fleire nivå i organisasjonen. I 2015 har det særleg vore lagt vekt på volum innan anestesi-, operasjon- og intensivutdanninga, og Høgskulen Stord Haugesund har for første gang hatt to kull under utdanning samtidig. Utdanningskapasiteten er dermed auka innan desse faga. Helse Fonna nyttar den såkalla studentprosessen der alle elevar, lærlingar, studentar og hospitantar blir registrerte via rekrutteringsportalen før dei får praksisplass i føretaket. Dette krev ressursar å administrere, men sikrar god oversikt, auka IKT-tryggleik og betre dokumentasjon.

Føretaket har til ei kvar tid tilsette i etter- og vidareutdanningsløp, samt legar og psykologar i spesialisering. Fleire av desse får løn eller stipend under utdanninga. I 2015 har det vore sjukepleiarar i vidareutdanning innan psykisk helsearbeid, operasjon, anestesi, intensiv, nyfødt, gastro, nephro, endokrinologi, palliasjon, infeksjon og jordmor. Ambulansearbeidarar deltek i vidareutdanning til paramedic. Det er òg tilsette i ulike masterprogram, mellom anna innan leing.

Ordninga med felles introduksjonsprogram for turnuslegar, rotasjonssystem for turnuslegar og for traineesjukepleiarar er vidareført i 2015.

Opplæring av pasientar og pårørande

Ressursar frå Lærings- og mestringssentra i føretaket er samla i eit team knytt til forskings- og utviklingseininga for samhandling (FOUSAM). Eininga er eit samarbeid mellom Høgskulen Stord Haugesund, Helse Fonna og kommunane i opptaksområdet. Satsingsområda er nedfelt i felles handlingsplan og det er gjennomført kartlegging av behov, etablert struktur for brukarmedverknad. I regi av lærings- og mestringssenteret har det vore arrangert 18 kurs i Helse Fonna i 2015. Til saman har 142 pasientar og 102 pårørande gjennomført kurs. Det har særleg vore høg aktivitet knytt til kurs for pårørande til barn med autisme. Også hjertekursa har hatt stor deltaking. Det er som hovudregel den enkelte fagavdeling som har ansvar for det faglige innhaldet og gjennomføring av kursdagen. Alle kurs har brukarinnlegg som en del av innhaldet, og brukarrepresentasjon skal være med i planlegging, gjennomføring og evaluering. Kursa blir skriftlig evaluert av deltakarane. Elles er det no mange kurs der kommunane står får regien sjølv. Det gjeld særleg oppfølgjande hjartekurs, KOLS og Diabetes type 2 kurs.

Helse Fonna fekk i april 2013 oppdrag frå Helse Vest om å etablere eit regionalt nettverk for læring og mestring, som har vore i drift frå oktober 2013. Nettverket har ein tilsett koordinator og ein representant frå kvart føretak som saman utgjør eit arbeidsutval. Nettverksgruppa med representasjon frå samarbeidspartane (kommunar, private ideelle organisasjonar og regionalt brukarutval) gir verdifulle innspel til arbeidet i nettverket. Det blei i november 2015 gjennomført samling med deltakarar frå alle lærings- og mestringssentra i helseregion Vest. Samarbeid med kommunane om lærings- og mestringstilbod er spesielt framheva i bestillardokumentet til føretaka. Helse Førde, Helse Bergen og Helse Stavanger har prøvd ut samarbeidsmodellar/tilbod ved hjelp av samhandlingsmidlar, medan Helse Fonna har gjort interne organisasjonsendringar og forankra arbeidet i samarbeidsavtalane med kommunane. Nettverket har etablert eiga side på www.helse-fonna.no. Handlingsplanen for nettverket sett blant fokus på brukarmedverknad, kompetansedeling, helsepedagogikk og forskning.

Kvalitet og pasienttryggleik

Helse fonna har i 2015 deltatt i det nasjonale og regionale pasienttryggleiksprogrammet innanfor alle innsatsområda:

- Trygg kirurgi
- Samstemming av legemiddellister
- Trykksår
- Urinvegsinfeksjonar
- Førebygging av overdosedødsfall
- Behandling av hjerneslag
- Infeksjon ved sentralt venekateter
- Fall
- Førebygging av sjølv mord
- Leiing av pasienttryggleik
- GTT-målingar

Arbeidet med å overføre programmet sine innsatsområde til linjeorganisasjonen har halde fram i 2015.

I innsatsområdet «Leiing av pasienttryggleik» er det i 2015 gjennomført tre «pasientsikkerhetsvisittar» (akuttmottak ved Klinikk somatikk Stord, poliklinikk ved Valen sjukehus, Klinikk for psykisk helsevern, medisinsk sengepost ved Odda sjukehus). Helse Fonna vil i januar og februar 2016 gjennomføre «I pasientens fotspor» ved å følge 4 pasientar utskrivingsdagen.

Eining for kvalitet- og pasienttryggleik har i 2015 gjennomført internkontrollverksemda etter plan med eit par unntak og styret i Helse Fonna HF handsama i desember 2015 leiinga sin gjennomgang av internkontroll i føretaket.

Kvalitetspris

I 2015 er kvalitetsprisen tildelt Øyre nase hals avdelinga. Dei fekk kvalitetsprisen for sitt arbeid med pasientinformasjon. Dei har blant anna laga filmar som gir informasjon til pasientar som skal fjerne mandlar eller setje inn ventilasjonsrøyr i øyret.

Kompetanseutvikling

Det blir gjennomført eit stort omfang av internundervisning/kursdagar for medarbeidarane i føretaket, fagretta kompetansehevande tiltak for tilsette i dei ulike klinikkane, samt lovpålagd opplæring. Rapport for 2015 viser at 3181 medarbeidarar har deltatt på kursaktivitet i perioden, og at det totalt er gjennomført 13862 kursgjennomføringar – her inngår både e-læringskurs og klasseromskurs.

I 2015 blei det ved Haugesund sjukehus gjennomført obligatorisk brannvern opplæring for alle tilsette. Dette besto av både teoretisk og praktisk opplæring. Ca 1400 medarbeidarar gjennomførte denne opplæringa.

Helse Fonna arbeider for å utvikle leiarkompetansen på alle nivå. I 2015 er det implementert eit introduksjonsprogram for nye leiarar (Ny som leiar), som eit samarbeidsprosjekt i Helse Vest. Føretaket skal i 2016 implementere eige leiarutviklingsprogram for førstelinjeleiarane. Føretaket har kontinuerleg medarbeidarar som tek leiarutdanning og som deltek på det nasjonale toppleiarprogrammet.

Samarbeid med kommunane om utveksling av kompetanse har vore sentralt også i 2015. Ulike faglege nettverk og kompetansetiltak er etablert gjennom FOU-eining for samhandling

(FOUSAM – felles forskings- og utviklingseining) mellom helseføretaket, kommunane og Høgskulen Stord/Haugesund. Det er i haust også introdusert ei hospiteringsordning mellom føretaket og kommunane.

Det er utarbeidd system for gjennomføring av obligatoriske kurs for alle personalgrupper. Føretaket nyttar Kompetanseportalen for å sikre system for kartlegging, planlegging og dokumentasjon av mellom anna obligatoriske kurs og medarbeidarutvikling.

Helse Fonna har starta arbeidet med strategisk kompetanseplanlegging. Den enkelte klinikk/område skal utarbeide kompetanseplanar i eit femårsperspektiv. Med utgangspunkt i klinikken/området sine strategiar og handlingsplanar skal ein skildre overordna kompetansekrav, kartleggje eksisterande kompetansebeholdning og ut frå dette definere sentrale kompetansebehov og -utfordringar.

Samhandling

Samhandlinga mellom Helse Fonna og kommunane er regulert i avtalar som skal styrast, utviklast og følgjast opp gjennom etablert samhandlingsstruktur beskriven i ein overordna samarbeidsavtale. Samhandlingsutvalet er partssamansett av føretaket og kommunane, og partane fremjar saker gjennom representantane. Brukarperspektivet blir ivarettatt gjennom to representantar frå Brukarutvalet i Helse Fonna, og dialogen med dei tillitsvalde har blitt handtert i eigne møter og med representasjon i forbetningsarbeide.

Samhandlingsutvalet har gjennomført eitt Toppleiarforum i 2015. Forumet består av den øvste politiske og administrative leiinga i kommunar og toppleiinga i føretaket. Hovudtema i Toppleiarforum 2015 var to nye meldingar, Primærhelsemeldingen og Nasjonal Helse- og Sykehusplan med innleiing frå Helse- og omsorgsdepartementet og påfølgande runde med spørsmål og dialog. Toppleiarforum fokuserte også på det nasjonale tilsynet med samhandling i 2015, der Klinikkk Stord fekk tilsyn saman med kommunane Bømlo og Stord. Det blei ikkje gitt avvik eller merknadar ved tilsynet, men læringspunkta var mange og blei delt i presentasjonar og påfølgande dialog i plenum.

Samhandlingsutvalet har i 2015 hatt eit særleg fokus mot å gjere dei lovpålagde avtalane betre kjende i organisasjonane, og utvalet har utarbeida ein handlingsplan for utvalde område for betre å kunne følgje opp intensjonane med Samhandlingsreforma.

Som del i oppfølginga av lovpålagde avtalar er det i 2015 gjennomført områdemøter knytt til dei tre somatiske sjukehusa og tilhøyrande kommunar. Områdemøte er ein sentral arena for forankring av retning og utvikling av samhandlinga mellom kommunar og helseføretak. Helse Fonna, kommunane i regionen og Høgskulen Stord/Haugesund har frå 2009 hatt eit samarbeid om ei felles FOU-eining knytt til samarbeidsprosjektet «Helsetorgmodellen». FOU-eininga er vidareført i drift som FOUSAM. Eininga er sentral i arbeidet med å følgje opp samarbeidsavtalar og utvikle tenestene. Aktiviteten gjennom året har vore høg og FOUSAM blei i august månad tildelt prisen «Årets Samhandlere 2015».

Helse- og omsorgsminister Bent Høye delte ut prisen under den årlege rehabiliteringskonferansen i Haugesund.

Både Samhandlingsutvalet og FOUSAM har utarbeidd årleg melding for 2015, og meldingane blir publisert på eiga nettside og elles distribuert til samarbeidspartar og interessentar. Samhandlingsutvalet har òg publisert nyhende gjennom fem utgåver av Samhandlingsnytt i 2015.

Alle føretaka i Helse Vest tar del i eit regionalt forum for oppfølging av Samhandlingsreforma. Målet med samarbeide er å gje støtte, følgje utvikling og drøfte felles utfordringar med reforma. Samhandlingssjefane representerer føretaka i forumet.

Arbeidsmiljø

Gjennom IA-arbeidet (Inkluderande arbeidsliv) har Helse Fonna ein arena for forpliktande og målretta samarbeid mellom arbeidsgjevar, arbeidstakar og NAV. Det vert arrangert halvårlege IA-møte med leiarar, tillitsvalde og verneombod, der målområda for IA-arbeidet har fokus. I november 2015 var dette arrangert som eit ope møte i auditoriet, med innlegg frå NAV Arbeidslivstenesta og erfaringsdeling på tvers av seksjonar i Helse Fonna.

Helse Fonna driv systematisk oppfølging av sjukemelde i tett samarbeid mellom leiar, medarbeidar, fastlege og bedriftshelsetenesta (BHT). Samarbeidet med NAV arbeidslivsenter er svært verdifullt i oppfølging og tilbakeføring av sjukemelde. Rutinar og verktøy er revidert, og det er gitt opplæring i arbeid knytt til tilrettelegging og oppfølging av sjukemelde.

Gjennomsnittleg sjukefråvær i Helse Fonna i 2015 var 6,7 % mot 6,4 % i 2014.

Korttidsfråværet i 2015 var 3,2 % mot 2,9 % i 2014.

Langtidsfråværet i 2015 var 3,5 % mot 3,5 % i 2014.

Eigenmeldt fråvær i 2015 var 1,1 % mot 1,1 % i 2014.

Legemeldt fråvær i 2015 var 5,6 % mot 5,3 % i 2014.

Arbeidet som er gjort med avklaring av ansvar og mynde i leiarlinja, - nye stillingsbeskrivingar for 3. og 4. nivå leiarar, vil ha påverknad på det systematisk HMS-arbeidet. Tydeleg plassering av ansvar er grunnlag for godt HMS- arbeid.

Leiarar og verneombod på alle nivå har kartlagt og risikovurdert arbeidsmiljøet gjennom vernerundar/HMS-kartlegging. Utarbeiding av handlingsplanar skjer i tett samarbeid mellom leiar, medarbeidarar og verneombod. Det blir i tillegg gjennomført jamlege vernemøte, som oppfølging av vernerunden.

Helse Fonna gjennomfører årleg obligatoriske kurs i HMS-opplæring for leiarar, verneombod og AMU-medlemmar.

Det var fleire gode søkjarar til den årleg arbeidsmiljøprisen, som viser at det blir utført svært mykje godt, systematisk HMS-arbeid og andre gode tiltak som er viktige for arbeidsmiljøet i einingane.


Det er i 2015 rekruttert yrkeshygienikar som inngår i teamet i Bedriftshelsetenesta. Denne fagkompetansen er ein føresetnad for vidare godkjenning som offentleg godkjent bedriftshelseteneste.

Føretaket har vidareført arbeidet med å sikre ivaretaking av arbeidstidsføresegnene i arbeidsmiljølova og det er gjort tiltak for å førebyggje brot på lova, særleg når det gjeld turnusarbeid.

Det er i 2015 gjennomført 39 arbeidsplassvurderingar mot 15 året før.

I tillegg er det gjennomført 14 arbeidsplasskartleggingar av meir omfattande karakter, mot 11 i 2014.

Talet på meldingar i forbetringssystemet Synergi som gjeld HMS/ansatteskader har auka monaleg sidan 2013, sjå figuren under.



Ein slik auke kan skuldast auke i talet på uønska hendingar, eller kan være eit uttrykk for betre meldekultur. Innan området HMS/ansatteskader, er det hendingar knytt til vald og truslar som i størst grad vert melde. I 2015 har det vore eit særleg fokus på førebygging av vald og truslar mot medarbeidarar. Risikoområdet vart lagt inn som obligatorisk emne i HMS-kartlegginga ved starten av året. Det er sett i verk ulike tiltak for å førebyggje og møte vald og truslar, byggje god meldekultur samt laga system for opplæring i førebygging av skader som skuldast vald og truslar i somatikken. I klinikk for psykisk helsevern har ein tradisjon for å gi slik opplæring rutinemessig (Terma-/TMA-opplæring).

Bedriftshelsetenesta har i 2015 registrert 121 personar som har tatt stikkskadeprøvar. I 2014 var talet 123. Arbeidet med å redusere stikkskadar har høgt fokus.

Risiko knytt til handtering av kjemikalier har også hatt fokus i 2015, då det er nært knytt til arbeidet for sertifisering som «Grønt sjukehus».

Tilsette har hatt tilbod om vaksiner mot sesonginfluensa, i 2015 blei det gitt 570 vaksinar. Det er om lag 100 fleire enn i 2014. 135 personar har fått vaksine mot Hepatitt B, mot 146 personar i 2014.

Helse Fonna arbeider kontinuerleg for positiv utvikling av arbeidsmiljøet. Målet om helsefremmande arbeidsplassar er tatt inn i den overordna strategien, som grunnlag for å skape ein framtidretta kompetanseorganisasjon.

Det årlege Arbeidsmiljøseminaret ble arrangert 5. november og samla 110 deltakarar. Tema var :

- «Den gode organisasjonskultur og samarbeidsmiljø»
- «Eg juksa med sikkerheita og såg døden i kvitauga. Andre fekk betale for det!»

Når det gjeld rusførebyggjande arbeid held Bedriftshelsetenesta føredrag i einingar på førespurnad. Det er innlegg til refleksjon om eigne rusvanar og informasjon til leiar om handtering av situasjonar og personar med rusmiddelbruk og arbeid.

Temaet er fast del av føretaket sitt årlege HMS-grunnkurs for nye verneombod, AMU-medlem og leiarar.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har lik representasjon frå arbeidstakar- og arbeidsgjevarsida. AMU har hatt 9 møte i 2015, og 116 saker er handsama.

Det er etablert ulike møteplassar for drøfting av tema og problemstillingar knytt til arbeidsmiljø på alle leiarnivå i organisasjonen. I tillegg til føretakshovudverneombod er det klinikkverneombod i alle klinikkar og verneombod fordelte i oversiktlege område i alle klinikkar/område/seksjonar. Det er implementert system for systematisk samarbeid mellom leiar og verneombod.

Helse Fonna gjer eit kontinuerleg arbeid for å tilpasse og endre organisasjonen til å møte framtida. Endringar skjer kontinuerleg og føretaket har brei erfaring i endrings- og utviklingsprosessar. Prosessane skal følgja interne retningslinjer for endringsprosessar. Retningslinjene er bygd på erfaringar om kva som gir godt resultat og kva som ikkje gjer det. Fleire klinikkar har gjennomført større eller mindre endringsprosess i 2015..

Likestilling, integrering og mangfald

Helse Fonna har som mål å arbeide for å fremje likestilling og hindre diskriminering og har følgjande personalpolitiske mål:

- Arbeide for ei balansert samansetjing av alder og kjønn på alle nivå i organisasjonen
- Arbeide for likeløn
- Leggje til rette for heiltidsstillingar
- Leggje til rette for ein livsfaseorientert personalpolitikk
- Leggje til rette for mangfald og integrering
- Rekruttere kvalifiserte personar med innvandrarbakgrunn
- Leggje til rette for at medarbeidarar med nedsett funksjonsevne kan arbeide i føretaket.

Leiarar på alle nivå har eit særskilt ansvar for at Likestillingslova bli følgd ved nye tilsetningar.

Per desember 2015 var det 3187 tilsette i Helse Fonna, 79,2 prosent kvinner og 20,8 prosent menn. Av 211 leiarar i føretaket er 70,6 prosent kvinner og 29,4 prosent menn. I føretaket si toppleiargruppe er seks av ti kvinner.

Det er ei overordna målsetjing at Helse Fonna skal leggje til rette for at flest mogleg som ønskjer det, får tilbod om tilsetjing i heiltidsstilling. Ønske om heiltidsstilling har stort fokus i samband med arbeidstidsplanlegging og når stillingar blir ledige. Reduksjon av deltid blir minna særskilt om når stillingar blir behandla i stillingsutvalet. Det er utarbeidd ein rettleiar knytt til heiltidskultur og fortrinnsrett for deltidstilsette. Denne skal sikre at deltidstilsette sin fortrinnsrett til utvida stilling blir handtert på ein god måte og i samsvar med krav i arbeidsmiljølova. Det er kontinuerleg fokus på å finne gode løysingar for å redusere ikkje ønska deltid. Bemanningssenteret og ordninga med traineesjukepleiarar er verkemiddel som er med på å redusere bruken av tilkallingsvikarar, midlertidige tilsetningar, deltidsstillingar og vikariat. Føretaket nådde måltal om 89,3 prosent gjennomsnittleg stillingsprosent i mars 2015.

Føretaket har ein kjønnsnøytral lønspolitikk. Likeløn er tema i samband med lønsforhandlingar. Det er ikkje funne systematiske lønsforskjellar mellom kjønna. Helse Fonna har som mål å ha mellom 6 og 10 prosent tilsette med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn. SSB-rapport for 2014 viser totalt 9,3 prosent tilsette med innvandrarbakgrunn, av desse er 5,2 prosent ikkje-vestlege. I 2013 var talet 9,0 prosent tilsette med innvandrarbakgrunn, av desse 4,5 prosent med ikkje-vestleg bakgrunn.

Miljørapportering

I 2011 etablerte Helse Fonna eit prosjekt med målsetjing om å miljøsertifisere føretaket i tråd med føringane i styringsdokumentet.

Det Norske Veritas AS (DNV) reviderte hausten 2015 føretaket etter retningslinjene i ISO 14001:2004 standarden. Det ble ultimo 2015 sendt ein skriftlig attermelding til DNV kor føretaket gjorde greie for dei tiltak som ein hadde setje i verk for å handtera dei registrerte observasjonane.

I samband med innføring av miljøstyringssystem i høve ISO 14001 gjennomførte alle seksjonane i føretaket ei miljøaspektkartlegging. Dette innebar at ein kartla og målte dei miljø- og klimabelastningane som føretaket har. Desse data danna grunnlaget for arbeidet med målsetting og handlingsplan for å unngå negativ påverknad på miljø- og klima, og vil vere ein fast del av den årlege gjennomgangen knytt til Helse, miljø og sikkerheit frå 2016.

Føretaket ønskjer å bidra til å redusere miljøbelastninga og rapporterer overordna på miljøpresentasjon i høve ISO 14001, ISO 26000 og «Grøn stat» (avfall, transport, energi, innkjøp) i tillegg til regnskapsloven og miljøinformasjonsloven sine krav.

Føretakets miljøindikatorar er eit utval data (nøkkeltall) som skal spegle rett informasjon om føretaket si målsetting om kontinuerleg forbetring og vår oppfølging av årleg miljøprestasjon. Dette gjer vi for å kunne vurdere kor gode eller dårlege vi er på dei viktigaste miljøområda og innsatsen vår knytt til kontinuerleg forbetring. Ved å ha faste miljøindikatorar kan vi kvantifisere resultatane og syte for ei kontinuerleg rapportering på same grunnlag, år for år og ha eit samanlikningsgrunnlag med andre helseføretak.

Miljøindikatorane utgjer grunnlaget for årleg miljørapport og synleggjere framdrift og måloppnåing i samband med valte mål og delmålsetting knytt til føretaket sine vesentlege miljøaspekt. Miljørapporten skal såleis bidra til å synleggjere at føretaket jobbar systematisk for å bidra til å redusere all form for negativ belastning på ytre miljø.

Helse Fonna HF skal vera blant dei fremste innan miljøvennleg drift av helseføretak.

Miljøstyringssystemet skal sikre at lover og forskrifter samt interne krav blir etterlevd i føretaket. Vi skal kontinuerlig arbeide for å betre våre miljøprestasjonar. Miljøaspektet skal prioriterast høgt både i drift, innkjøp og investeringar.

Helse Fonna HF skal til ei kvar tid ha fokus på sine miljøområde:

- Utslepp (luft, vatn og jord)
- Forbruk av ressursar (forbruksmateriale)
- Avfall (redusere avfallsmengde)

Helse Fonna HF sine overordna miljømål er:

1. Redusere føretakets CO₂ utslipp
2. Auke av kjeldesortert avfall
3. Redusere ressursforbruket
4. Auke av økologiske matvarer
5. Førebyggje utslepp gjennom avløp

Utbyggingsprosjekt

Konseptfasen for Haugesund sjukehus blei starta opp april 2015, og byggjer på arbeidet frå idéfase og utviklingsplan. Konseptrapporten vart ferdigstilt innan frist 15.01.16.

Konseptfasen omfattar utgreiing av tre likeverdige alternativ:

- Nullalternativet (reoveringsalternativet)
- Ny Vestblokk, vidare utbygging mot nord
- Ny Nordblokk, etappevis utbygging

Det er gjennomført ei konseptfaseutgreiing som dekkjer krava i den nasjonale vegleiaren for tidlegfaseplanlegging i sjukehusprosjekt, og som er tilpassa rammebetingelsar gjevne av Helse Vest RHF og overordna mynde.

Konseptfasen har omfatta alle aktivitetane som trengs for å velje det best egna konseptet, og utvikle dette til eit nivå kor ein med akseptabel sikkerhet kan treffa avgjersle om gjennomføring av forprosjektet.

Prosjektet har vore organisert med administrerande direktør som prosjekt og prosesseigar, og styringsgruppe som godkjenner prinsipielle føringar og vegval underveis i prosessen. Styringsgruppa har bestått av direktørgruppa, representant frå bedriftshelsetenesta, tillitsvalde og verneombod og brukarrepresentant.

Det har vore lagt opp til brei involvering av medarbeidarar og brukarar i gjennomføringa av konseptfasen. Ti tverrfaglege prosjektgrupper blei etablert, og tillitsvalde, verneombod og brukarar har vært representert i alle grupper. Om lag 100 medarbeidarar har delteke i prosjektgruppene.

Berekningane på helseføretaket si økonomiske bereevne har vore førande for utarbeiding av dei ulike scenario og funksjonar i nytt og eksisterande bygg. Den økonomiske bæreevna er i konseptfasen berekna til 1,797 milliardar fram mot 2023 og ytterligare 1,540 milliard fram mot 2032.

Resultat, investeringar, finansiering og likviditet

Generelt om rekneskapen

Rekneskapen for 2015 er sett opp i samsvar med rekneskapsloven av 1998 og god rekneskapsskikk. Rekneskapen for året omfattar resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysningar. Rekneskapen er bygd på grunnleggjande prinsipp for rekneskap i samsvar med god norsk rekneskapsskikk; transaksjonsprinsippet, oppteningsprinsippet, samanstillingsprinsippet, varsemdsprinsippet, kongruensprinsippet, sikring, beste estimat, konsistent bruk av prinsipp og føresetnad om fortsett drift. Ved utarbeidinga av rekneskapen må leiinga byggje på føresetnader og estimat som vil påverke rekneskapsførte verdiar av eigedelar, gjeld, inntekter og kostnader, samt noteopplysningar vedrørande forpliktingar med vilkår. Faktiske tal kan avvike frå dei opphavlege estimata. Pensjonsordninga tilfredstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Resultat

Føretaket har eit positivt driftsresultat på 37,5 millionar kroner av ei totalomsetning på 3 378,6 millionar kroner. Resultat etter finans viser eit overskot på 40,2 millionar kroner og eit underskot i forhold til resultatkrav frå eigar på 5,8 millionar kroner. I 2015 oppnådde

føretaket ein DRG-aktivitet på 39 049 DRG-poeng mot eit mål på 37 481. I 2014 var aktiviteten på 36 911 DRG-poeng.

Nedskrivningar

Det er i rekneskapen nedskrive anleggsmidlar for totalt 2,5 millionar kroner. Dette gjelder nedskrivning på bygg ved ombyggingar med tilhøyrande ny balanseføring og utrangering av bygg som skal rivast.

Investeringar

Føretaket har gjennomført investeringar for 87,2 millionar kroner. Av investeringane var 50,4 millionar kroner knytt til byggjeprojekt. Medisinteknisk utstyr, inventar, kommunikasjon (IKT) og transportmiddel står for resterande investeringar.

Finansiering

Balanseførte lån til eigar var 01.01.15 203,6 millionar kroner og er redusert til 187,1 millionar kroner 31.12.15. Driftskredittramma mot Helse Vest sin konsernkonto er 34,3 millionar kroner 31.12.15, ein reduksjon frå 208,0 millionar kroner frå inngangen av året. Det disponible beløpet på driftskreditten den 01.01.15 var 307,1 millionar kroner. Pr. 31.12.15 var det disponible beløpet auka til 391,5 millionar kroner.

Kapital

Føretaket sin totalkapital (eigenkapital og gjeld) var pr. 31.12.15 2 663,0 millionar kroner. Sum eigenkapital var pr. 31.12.15 1 902,8 millionar kroner.

Likviditet

Føretaket sine likvide midlar på skattetrekkkontoen og kontantar pr. 31.12.15 var på 66,2 millionar kroner. I tillegg kjem det disponible beløpet på driftskreditten med 391,5 millionar kroner.

Disponering av årsresultatet

Føretaket sitt årsresultat gav eit overskot på kr. 40 176 803 og styret foreslår at dette blir overført mot annan eigenkapital.

Uvisse og ekstraordinære forhold i rekneskapen

Det er utført nedskrivningar på til saman 2,5 millionar kroner knytt til mindre ombyggingar og utrangering av bygg. Føretaket er i tvist om ein sak av vesentleg betydning. Dette er det avsett for i regnskapet.

Økonomisk utvikling

Styret ser det som eit hovudmål at føretaket for 2016 når eigar sitt resultatkrav som er sett til 40 millionar kroner. Sjølv om tilsvarande resultatmål blei nådd i 2015, ser styret at 2016 vil krevje betydeleg innsats frå alle delar av føretaket for å nå resultatkravet.

Helseføretaka må som hovudregel styre og prioritere investeringane sine innanfor tilgjengeleg likviditet. Gjeldande retningsliner for investeringsrammer gjer det naudsynt med positive driftsresultat framover som er i tråd med tildelte midlar.

Vidare drift

Etterspurnaden etter helsetenester aukar, både som resultat av demografiske forhold, medisinsk teknologisk utvikling og nye behandlingstilbod. Føretaket har såleis eit godt fundament for framtidig aktivitet.

I samsvar med rekneskapsloven vert det stadfesta at føresetnad om vidare drift er lagd til grunn då årsrekneskapsloven blei avslutta. Staten gjev driftsgaranti, og føretaket kan ikkje gå konkurs.

Oppfatninga til styret er at det ikkje er forhold som kan føre til anna enn vidare drift.

Haugesund den 04.04.16

Kjell Arvid Svendsen
Styreleiar

Brian David Bjordal
Nestleiar

Liv Kari Eskeland
Styremedlem

Hilde Brit Christiansen
Styremedlem

Solfrid Borge
Styremedlem

Kjetil Andre Våge
Styremedlem

Nina Budal
Styremedlem

Pål Midbøe
Styremedlem

Helge Espelid
Styremedlem

Gunnar William Birkeland
Styremedlem

Olav Klausen
Administrerende direktør